

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	20/2022	Arkiv nr.:	613.1	Møtedato:	08.09.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Småviltjakta 2022. Regulering av jaktrykk og forslag om freding av lirype.

Sakspapir:

- Resultat for lirypetaksering 2001-2022.
- Fangsstatistikk 2021/2022
- Oversikt over selde jaktkort fram til nå


Saksutgreiing:

Taksering av lirypebestanden er gjennomført i Veodalen, Sålell og på Leiråsen. Takstlinene er dei same som har vore gått kvart år sidan vi byrja med takseringa i 1997. Tendensen er den same for alle dei tre områda. Det vart samla observert svært lite ryper. Det er overvekt av enkeltfuglar og par utan kjuklingar. Det er funne få kull, men kullstørrelsen på dei som er funne er bra. Størrelsen på kjuklingane i kulla er varierande.

Fjellstyret gjennomfører ei enkel linjetaksering med hund for å få eit estimat på årets produksjon og bestand. Vi utfører ikkje ei fullverdig linjetaksering med etterfylgjande databehandling slik at vi får fram produksjonstal pr. arealeining, men vi har fastlagt sju linjer som vi freistar å gå kvart år. Av ymse årsaker blir det variasjon i tal takserte km, blant anna for at det tidvis er umogleg å taksere enkelte av linene på grunn av beitedyr, eller at vi rett og slett har mangla mannskap. I år er det gått til saman 82km, om lag som snittet siste 20 år.

Talet for totalt registrerte individ er ikkje direkte samanliknbare år for år, men vi får eit godt anslag for forholdstalet mellom kjuklingar og voksen fugl. I tillegg nyttar vi eigne observasjonar, observasjonar frå reinsgjetarane, fegjetarene og andre som ferdast i fjellet for å få eit anslag på bestanden. Figur 1. syner tal observerte totalt og tal kjuklingar for dei siste 20 åra. Som det går fram er totale observasjonar det lågaste dei siste 22 åra. Tal kjuklingar i forhold til total er på 61%, ned 10% frå i fjar og middels mot perioden.

Figur 1:



Møtebok – Lom fjellstyre

Vurdering:

Takseringslinjene våre ligg i det som er rekna for å være dei beste habitata for lirype, dei tek i mindre grad høgde for å dekkje ulike høgdegradientar og ulike terrengtyper. Dette gjev eit resultat med usikkerheit, det kan til dømes være klimatiske forhald eller andre variablar som kan påverke rypa sitt val av tilhalds- og leveområde slik at den held til utanfor området som blir taksert. Dette i saman med at vi ikkje nyttar «distance sampling» (ei analysemetode og kjent som avstandsmetodikk), gjer at resultatet er sårbart for ulike variablar, til dømes kvalitet på hundearbeid, vær, vitring eller andre forhold som påverkar takseringsarbeidet.

Likevel er det ikkje til å kome frå at vi i år har svært få observasjoner og samla sett eit resultat som tyder på eit lirypeår som er därleg. Tal observasjonar er 1/3 del av snittet dei siste 23 åra, 1/10 av toppåret 2003 og det därlegaste for perioden sett under eitt. Sjølv om ein legg til høg usikkerheit, får vi framleis eit därleg år. Inntrykket er til dels støtta av observasjonar som oppsynet, tamreingjeterar og andre har gjort i sommar, der anslaga varierer mellom middels og därleg.

For fjellrype blir det ikkje utført taksering, men fjelloppsynet har hatt fleire observasjonar enn vanleg gjennom sommaren. Inntrykket har vore store kull og store kjklingar. Av erfaring veit vi at tal observasjonar vi gjer gjennom sommarsesongen sjeldan korrelerer med den faktiske situasjon, og det må forventast ei viss usikkerheit knytt til dette. Rapportar frå andre om fjellrype er varierande, men det er fleire som har sett store kull.

Fjellstyret har dei siste åra hatt ei regulering av tal jaktkort tilgjengeleg for utanbygdes jegerar. I år har vi ei avgrensing på 50 kort for jakt u/ hund og 20 kort for jakt med hund pr. 5 dagars periode i tidsrommet 15-30. september. Dette har stor innverknad på jakttrykket og er kanskje den viktigaste reguleringa vi gjer for å redusere uttaket. Fjellstyret mottok over 800 søkerar på desse 150 korta.

Småviltbestanden har store naturlege svingingar og Lom Fjellstyre har store refugieområde som det sjeldan eller aldri blir jakta på. Dette gjeld i enda større grad for fjellrype, der store delar av områda ligg utilgjengelege til. I kor stor grad jakta påverkar bestandane er omdiskutert og faktorar som predasjon, vær, klima og sjukdom har truleg langt større innverknad enn det uttaket som skjer gjennom jakt.

Dei siste åra har det vore ein diskusjon mellom forskarmiljø om dette. Det er frå enkelte synt til at effekta av jakt i enkelte områder ikkje er målbar og at det i praksis ikkje påverkar bestandsstørrelsen. Å skyte ei rype vil jo isolert sett gje ei negativ effekt, men det avgjerande er kor mange egg og kjklingar som blir teke av rovdyr. Samstundes er det andre forskrar som hevdar det motsette, at jaktuttaket klart gjev målbar effekt. Blant fagpersonane tilknytt hønsefuglportalen er det anbefalt at uttak må avgrensast til 15-30% av bestandsstørrelsen, og at jakta bør stoppast ved ei tettheit under 5 ryper/km². For å få ut tal for bestandstørrelse og ryper/km² må vi kjøre fullverdig linjetaksering og analyser etter avstandsmetodikkmodellen. Dette er meir ressurskrevjande og har til nå ikkje vore prioritert hjå oss.

Med bakgrunn i resultatet frå årets taksering, observasjoner og utviklingstrekk siste åra foreslår fjelloppsynet å frede for jakt etter lirype å ha dagkvote på ei fjellrype/dag/jeger

Møtebok – Lom fjellstyre

med jaktslutt 1. november 2022. Grunngjevinga for å avslutte jakt etter fjellrype 1. november er at det seinare er vanskeleg å skilje mellom lirype og fjellrype, og at dei frå denne tida i større grad nyttar dei same områda.

Dette vil heilt klart være eit inngripande tiltak som vedkjem mange, og det kan diskuterast om det er tilstrekkeleg fagleg grunnlag for å fatte eit slik vedtak. Det er ein del usikkerheit knytt til vurderingane om bestandsstørrelse og vi veit lite om kva effekt ei freding vil gje. Jaktutøvinga i Norge har i lang tid vore tufta på prinsippet om at ein skal hauste av eit overskot. Dette bør ligge til grunn for all viltforvalting - jaktrykket må over tid være berekraftig å spegle bestandstilhøva. Vi har sidan 2019 sett ein tydeleg nedgang i bestanden, dette er dokumentert både gjennom takseringsresultat og fangststatistikk. Dei siste åra har vi hatt strenge reguleringar, med både sterk avgrensing i tal jegerar og dagkvote så låg som ei rype pr. jeger sist sesong. Likevel ser vi klare tegn til at nedgangen held fram og for saksbehandlar blir det da vanskeleg å tilrå jakt på lirype denne sesongen.

Situasjonen i tilliggande områder er därleg, og bygger opp under resultatet hjå oss. Med få unntak er det er anten innført fredning eller strenge restriksjonar. Nedanfor følgjer ei oversikt over område og reglar for hausten 2022.

Skjåk allmenning- totalfreding av lirype og fjellrype

Vågå Fjellstyre – dagkvote på 1 rype/jeger. Ny vurdering etter ei veke.

Lesja fjellstyre – Forslag om totalfreding av lirype i Lordalen, totalkvote elles.

Dovre – 1 pr dag. 5 totalt.

Østre Slidre – Totalfreding av Lirype, fjellrype og skogsfugl.

Vestre Slidre – Totalkvote 6/3 og dagkvote på 2.

Luster – kvote på 3/dag/jeger.

Ringebu – Fredning i eit område, for resten jakt til 24. sept. Totalkvote på 1-5.

Øyer – dagkvote 1 rype/jeger.

Fron – Totalfreding.

Opplysninger og merknader:

Fjellstyret kan etter fjellova §23, 3. ledd:

«avgrense talet på vilt av ulike slag som nokon kan felle eller fange, og
innskrenke tida, måten og området for jakta og fangsten. Fjellstyret kan og
avgrense talet på dei som kan få høve til å drive fangst av småvilt, på dei som
kan få høve til å drive jakt utan hund på småvilt og på dei som kan få løyve til å
drive jakt med hund på slikt vilt. Ved eventuell avgrensing av talet på dei som
kan få høve til slik jakt som nemnt i første stykket, må fjellstyret sjå til at det vert
rimeleg balanse mellom innan- og utanbygdsbuande.»

Før det blir gjort noko vedtak skal kommunen uttale seg. Er det usemje mellom fjellstyret og kommunen, må fjellstyrevedtaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka.

Vedtak om innskrenking av jakta etter § 23 tredje ledd i fjellova tek til å gjelde ei veke etter at gyldig vedtak er fatta.

Møtebok – Lom fjellstyre

Saka skal, jf. § 7 i naturmangfoldlova, vurderast etter §8-12 i same lov.

Småviltbestandene har store naturlege svingingar. Forslaget til vedtak om freding av lirype er lagt fram med bakgrunn i eigne takseringsresultat, observasjoner elles, fellingstatistikk og takseringsresultat- og jaktstatistikk frå tilliggande områder.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg, og så godt som det innan rimelege grenser let seg gjere å legge fram (§8). Ein meiner at forslaget tek godt i vare føre var prinsippet (§9). §10-12 er og vurdert, og ein ser ikkje at forslaget kjem i konflikt med desse bestemmingane.

Ved freding av lirype må fjellstyret ta stilling til om det skal opnast for heil eller delvis refusjon av jaktkort som allereie er seld. I utlysinga av jaktkort er det teke forbehold om at «*Dagskvotar og/eller innskrenking av jakttid eller område kan bli innført.*» Det er seld 143 5-dagers kort utan hund og 29 5-dagars kort med hund til utanbygdsbuande. I tillegg er det seld eit fåtals sesongkort til innanbygdsbuande. Det kan framleis jaktast fjellrype, hare, skogsfugl m.m. på desse jaktkorta og ein stor del av dei som jaktar utan hund vil truleg være interesserte i å jakte etter fjellrype og andre artar. For dei med hund er det i all hovudsak lirype som gjeld, i alle fall om dei skal nytte hund. Eit alternativ vil være å opne for trening av hund for dei som held fast ved jaktkortet, alternativt at dei får treningskort til redusert pris.

Innkomne merknader og tilføyande saksvurdering

Saka vart varsla og lagt ut på heimesidene mandag 5. september. Innan møtedato torsdag 8. har det kome inn 3 merknader.

På facebooksida til fjellstyret har det kome merknad om «*at så lite skarv som det er nå, iallefall der eg er kjent så bør ein spare den også. Nå vil jakttrykket bli ekstra stort på fjellrypa, istadenfor å prøve å redde den rest som er att.*» Elles har det både på facebook og som muntlege meldingar kome merknader om bestandsforholda. Nokre har sett lite skarv, andre har sett meir og nokre har sett mykje.

Monica Holm har med e-post 8. september kome med 4 merknader/forslag:

- 1: *Full refusjon for jaktkort, uten at dere tar administrasjonsgebyr (Skjåk gir også full refusjon).*
- 2: *At de som har kjøpt jaktkort får bruke dette til neste år.*
- 3: *Ved stenging av jakta bør dere få med private grunneierlag i områdene på det samme, lite vits å stenge allmenningsfeltet når nabogrensene jakter for fullt.*
- 4: *I ett ekstra tiltak for å få bort smårovvilt, så gjør som Vågå Fjellstyre å tilby gratis smårovvilkort for innenbygdes.*

Når det gjeld jakttrykket på fjellrype så er sakshandsamar samd i at dette kan auke med bakgrunn i at lirypa blir freda, i alle fall i regulert periode fram til 30 september.

Samstundes trur eg nokre vil be om få refundert kortet og at langt færre vil løyse jaktkort etter regulert periode. Med dagkvote, totalkvote og jaktstopp 1. november er det ikkje sikkert at tal jaktdagar og/eller felte fjellryper blir høgare enn om ein hadde opna for jakt etter lirype- og fjellrype fram til 28. februar.

Som det er vist til tidlegare i saka har Lom fjellstyre store områder med fjellrypehabitat som det svært sjeldan eller aldri blir jakta på. Ser ein dette i saman med relevant forskningslitteratur og betydinga av faktorar som predasjon, klekking, smågnagarar

Møtebok – Lom fjellstyre

klimatiske variablar m.m., er det lite truleg at jakttrykket, med dei reguleringane vi har, er avgjerande for neste års produksjon – i alle fall om ein ser heile allmenningen under eitt. I deler av områda som er lett tilgjengeleg, til dømes fremre delar av Veodalen, Smådalen, Kvitingkjølen, Sålell og Juvflyområdet kan nok jakta i dårlege fjelltypeår ha ei effekt som er såpass stor at den er målbar. Som det går fram både av saksutgreiinga og merknadene som er innkomne, er det varierande meldingar om kjuklinkproduksjon og bestandsstorleik hjå fjellrypa. Med informasjonen som ligg føre er det uråd å slå fast noko sikkert. Vi har områder der det er sett fleire kull med mange kjuklingar og områder der det ikkje er sett fugl i det heile.

Sakshandsamar sitt forslag om å tillate ei avgrensa jakt etter fjellrype er lagt fram med bakgrunn i momenta nemnd i saka. Etter mi meinung er det ikkje fagleg grunnlag for å hevde at ei gjennomføring av jakta slik som føreslege vil ha vesentleg påverknad på neste års produksjon. Vidare meiner eg vi har store areal som det ikkje blir jakta i, at vi haustar ein liten del av bestanden og at det difor er tilrådeleg i eit jaktetisk perspektiv.

Samstundes må det seiast at forslaget er fremja under tvil og i vissheit om at argumentasjonen lett kan vridast mot freding, at dette praktisk sett i oppsyns og administrasjonssamanheng hadde vore det enkleste og at ein truleg har breiare allmen aksept for eit slik vedtak. Eit anna argument som er forbigått i vurderinga ovanfor, og som talar for å frede fjellrypa, er at ein diskriminerer vinterjegerar i forhold til haustjegerar ved å avslutte 1. november. Vinterjakt etter rype har lange tradisjonar i Lom og ein ikkje uvesentleg del av innanbygds jegerar jaktar berre om vinteren.

Når det gjeld grad refusjon av jaktkortpris, er dette noko fjellstyret må ta stilling til i eit vedtak om freding. Vi har ikkje nokon etablert praksis eller vedtak som handterer dette anna enn at det er teke forbehold om avgrensing og regulering av jakt og jakttid ved sal av jaktkorta. Administrasjonsavgift på 15 % er føreslege med bakgrunn i at inatur skal ha 12,5% i refusjon. Dette er ei utgift som i alle tilfelle må dekkast, på tross av ein eventuell refusjon. Når det gjeld overføring av jaktkort til neste år er det ein del praktiske utfordringar som talar i mot dette. Det vil gje ekstra administrasjonskostnader både internt og frå inatur, samstundes kan vi ha ein ny situasjon med freding neste år.

Når det gjeld merknaden om å påverke private grunneigarar, så er ikkje dette noko fjellstyret kan eller bør legge seg opp i. Forslaget om å endre prisen på smårvviltkortet bør handsamast og vurderast i saman med regulering av jaktkortprisane neste vinter.

Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre vedtek med heimel i fjelloven §23, tredje ledd, å frede for jakt etter lirype i Smådalen, Vårdalen statsallmenning, Visdalens statsallmenning og Leir- og Bøverdalens statsallmenning jaktsesongen 2022/2023.

For fjellrype blir det for heile allmenningen sett ei dagkvote på 1 rype/jeger/dag, ei totalkvote på 5 ryper og jaktstopp 1.november.

Lom fjellstyre er opptekne av å ta i vare retten til utøving av jakt- og fangst, og ser at ei totalfreding av lirype er eit svært inngripande tiltak som vedkjem mange. Samstundes må bestandane forvaltas på ein slik måte at ein legg til rette for ei berekraftig utvikling som over tid gjev eit haustingsverdig overskot.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtaket blir grunngjeve med at takseringsresultat og det generelle inntrykket av bestandsforholda for lirype er svært dårlige, at bestanden siste åra har vore låg og at dette er gjengs for tilliggjande områder.

For dei som har førehandskjøpt jaktkort for småviltjakt, som mellom anna inkluderer jakt etter lirype, blir det gjeve desse alternativa:

- Jaktkort utan hund:
 1. Ingen refusjon. Jaktkortet gjeld for småviltjakt etter gjeldande reglar og kvoter, men da utan lirype.
 2. Heile jaktkortet – 15% adm. gebyr og eventuell hytteleige – 15% adm. gebyr blir refundert.
- Jaktkort med hund:
 1. Ingen refusjon. Jaktkortet gjeld for småviltjakt etter gjeldande reglar og kvoter, men da utan lirype. Jaktkortet gjev løyve til å trenere fuglehund i tida fram til 31. oktober. Krav om observasjonsrapportering.
 2. 50% refusjon, og kortet blir omgjort til treningskort for hund i tida fram til 31. oktober. Krav om observasjonsrapportering.
 3. Heile jaktkortet – 15% i adm. gebyr, og eventuell hytteleige - 15% i adm. gebyr blir refundert.

Vedtak:

Lom fjellstyre vedtek med heimel i fjellova §23, tredje ledd, å frede for jakt etter lirype og fjellrype i Smådalen, Vårdalen statsallmenning, Visdalen statsallmenning og Leir- og Bøverdalen statsallmenning jaktsesongen 2022/2023.

Lom fjellstyre er opptekne av å ta i vare retten til utøving av jakt- og fangst, og ser at ei totalfreding er eit svært inngrapande tiltak som vedkjem mange. Samstundes må bestandane forvaltas på ein slik måte at ein legg til rette for ei berekraftig utvikling som over tid gjev eit haustingsverdig overskot.

Vedtaket blir for lirype grunngjeve med at takseringsresultat og det generelle inntrykket av bestandsforholda er dårlige, at bestanden siste åra har vore låg og at dette er gjengs for tilliggjande områder.

Når det gjeld spørsmålet om freding av fjellrype er fjellstyret meir i tvil. Ei auke i jaktrykk på grunn av freding av lirype hjå oss og andre er avgjerande for at fjellstyret vel å frede også denne. Ei totalfreding vil også likebehandle alle jegergrupper.

For dei som har førehandskjøpt jaktkort for småviltjakt, som mellom anna inkluderer jakt etter lirype og fjellrype, blir det gjeve desse alternativa:

- Jaktkort utan hund:
 1. Ingen refusjon. Jaktkortet gjeld for småviltjakt etter gjeldande reglar og kvoter, men da utan lirype og fjellrype.

Møtebok – Lom fjellstyre

2. Heile jaktkortprisen – 15% adm. gebyr og eventuell hytteleige – 15% adm. gebyr blir refundert. Jegeren får tilbod om eit gratis rovviltkort.
 - Jaktkort med hund:
 1. Ingen refusjon. Jaktkortet gjeld for småviltjakt etter gjeldande reglar og kvoter, men da utan lirype og fjellrype. Jaktkortet gjev løyve til å trenre fuglehund i tida fram til 31. oktober. Krav om observasjonsrapportering.
 2. 50% refusjon, og kortet blir omgjort til treningskort for hund i tida fram til 31. oktober. Krav om observasjonsrapportering. Jegeren får tilbod om eit gratis rovviltkort
 3. Heile jaktkortet – 15% i adm. gebyr, og eventuell hytteleige - 15% i adm. gebyr blir refundert. Jegeren får tilbod om eit gratis rovviltkort.

Det blir teke atterhald om eventuelle merknader frå kommunen.

Samrøystes.

Vedtaket kan påklagast jf. § 28 i forvaltningslova. Ei eventuell klage skal være skriftleg og sendast til Lom fjellstyre innan 3 veker frå vedtaket er kunngjort.

Vedtak om innskrenking av jakta etter § 23 tredje ledd i fjellova tek til å gjelde ei veke etter at gyldig vedtak er fatta.

Utskrift går til:

- Lom kommune – som e-post
- Lom JFF – som e-post

Saka er offentleggjort på heimesida til fjellstyret og på intur.no 8. september.